



Promenaden Eiendom AS  
Kvernhusmyrane 7  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/27 - 16/25935

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

20.09.2016

## Purring på status arbeid /varsel om pålegg installering av fettutskiljar ved Jumjum Promenaden - gbnr 188/534 Gjervik Ytre

Teknisk drift syner til vårt brev av 31.08.2016 vedkomande etterlysing av status på arbeid med å få på plass fettutskiljar ved Jumjum i Promenaden – gbnr 188/534 Gjervik Ytre.

Frist for tilbakemelding vart sett til torsdag 15.09.2016. Fristen er utgått, og Teknisk drift har framleis ikkje motteke dokumentasjon på at lovpålagt utskiljaranlegg er installert ved Jumjum.

Siste frist for tilbakemelding på status med å få på plass utskiljaranlegg ved Jumjum vert no sett til: **fredag 30.09.2016.**

*Det med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, samt «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, at Teknisk drift VA har krevd installering av fettutskiljar ved Jum Jum i Promenaden. Fettutskiljar skal tilknyttast spillvassleidnings slik at vegetabilsk og animalsk fett vert skilt ut. Føremålet med utskiljaren er å separere fett frå prosess- og avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på kommunalt leidningsnett og skaper problem for leidningsnettet og reinseanlegg.*

## Varsel om pålegg om installering av fettutskiljar ved Jumjum i Promenaden – gbnr 188/534 Gjervik Ytre.

### Saka gjeld:

Teknisk drift har i lenger tid krevd at det vert installert fettutskiljar ved Jumjum i Promenaden – gbnr 188/534. Jumjum har ei drift som gjer at denne kjem under kategorien Hamburgerbar/Snackbar. For denne typen verksemdar er det pålagt å ha fettutskiljar.

Teknisk drift har gitt Promenaden Eigedom AS fleire frister for å få på plass dette anlegget. Teknisk drift har, per dags dato, ikkje fått noen form for tilbakemelding på arbeid med å få anlegg på plass.

**Eigar eller den ansvarlege sine plikter:**

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Promenaden Eiendom AS er abonnent på avlaupstenester i Lindås kommune. Som abonnent på kommunale avlaupstenster er De ansvarleg for at Dykkar leigetakar har nødvendig utstyr. Jumjum er ei verksemd som er pålagt å ha fettutskiljar for å hindre at fett vert ført ut på kommunalt leidningsnett og påfører dette skader. Promenaden Eiendom As har òg ansvar for ettersyn, tømning og vedlikehald av utskiljarutstyr som er tilknytt kommunalt leidningsnett iht gjeldande forskrifter, utslippsløyver og øvrige vilkår som er satt.

Teknisk drift gir nå Promenaden Eignedom AS eit varsel om pålegg for å få installert fettutskiljar ved Jumjum i Promenaden. Dersom Teknisk drift ikkje hører frå Dykk innan fristen på 30.09.2016 vil vi fatte vedtak om pålegg om installering av anlegg. I dette vedtaket vil det verte sett ei endeleg frist for når anlegg skal være på plass.

*Det er med heimel i forureingsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at TekniskDrift gir førehandsvarsel om pålegg om å få på plass utskiljaranlegg ved Jumjum.*

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arne Helgesen  
Atle Dingen

**Mottakarar:**

Promenaden Eiendom AS

Kvernhusmyrane 7 5914

ISDALSTØ